

### **Tilhøve til klima, miljø og anna busetnad.**

Parsellen er plassert på ei flat tomt søraust for våningshuset på garden. Området er godt egna til ein bustad. Det er her gode soltilhøve, lite vindpåverknad, ikkje ras- eller flaumfare. Området er ikkje bruka eller egna for friluftsliv for andre enn tomteeigar. Parsellen ligg på uproductiv mark ikkje egna for jordbruksdrift..

Parsellen grensar motl 4 andre frådelte og utbygde parsellar der bruken er ei blanding av fastbuande og hytter. Det er her eit lite bustadmiljø som vil bli positiv påverka med ein bustad til. Omsøkt parsell kan sjåast på som ei fortetting av eksisterande bustadområde som vil virka positivt på bustadområdet med tilhøyrande sosialt miljø. Parsellen vil og gjere seg nytte av tilliggjande og eksisterande infrastruktur som dermed får ein betre utnytting . Parsellen ligg mellom alt frådelte tomter og privat tilkomstveg og er dermed avgrensa frå hovudbruket på alle kanter.

### **Plassering av tomt m.m**

Parsellen er inneklemt av alt bygde eigedomar og privat felles veg inntil og forbi området. Parsellen er såleis ein del av bustad/hyttmiljøet her. Samstundes ligg parsellen høveleg langt frå våningshuset på garden slik at generasjonane lett kan hjelpe kvarandre i gardsdrifta m.m.

**Vegtilkomst:** Avkøyring frå Fylkesveg. Privat fellesveg med frå før 4 brukarar går forbi omsøkt parsell. Fylkesvegen har ei fartsgrense på 60 km/t og det er moderat til lite trafikk på vegen. Det er på visse vilkår gitt løyve til utvida bruk av tilkomsten frå Fylkesvegen.

**Vasstilkopling:** Kommunal vassleidning går like forbi parsellen.

**Avlaup:** Det må søkjast om privat avlaupsanlegg med slamavskiljar på parsellen. Leidningen vil derifrå førast til felles privat leidning som går til sjø. Avtale om bruken av denne leidningen er avklara.

**El-tilkopling.** Tilkopling til el-leidning i stolpe som står på parsellen.

### **Slutning:**

Vi meiner at frådelinga ikkje er i strid med lova sine føremål eller dei omsyn som ligg bak vilkåra for å gi dispensasjon. Vi meiner at etter ei samla vurdering er føremonene med å gi dispensasjon klart større enn ulempene . Vi kan heller ikkje sjå at statlege og /eller regionale rammer og mål vil bli skadelidande. Vi kan heller ikkje sjå at frådelinga vil kome i konflikt med helse, miljø, jordvern, tryggleik eller tilgjenge. Med bakgrunn i denne vurderinga meiner vi at vilkåra for å gi dispensasjon fullt ut er tilstades og vonar at kommunen og kjem til same slutning.

Mvh.

Mette Skjelanger



Kåre Skjelanger

